

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 1 / 20 · 30. ÅRGANG



3

Fasteaksjonen

6-7

Med frivillighet i  
sitt DNA

8-9

Påske

**KONTAKT** er kyrkjebladet for  
**Meland kyrkjelyd. Det vert laga i  
samarbeid med Knarvik sokn, Oster-  
fjorden og Mo sokn.**

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

**Bankgiro:** 3632.07.04019 eller

**Vipps 59301**

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Redaksjon:** Vibeke Bjørndal Midttun,

Torbjørn Bøen og Anne Sofie N. Uthaug

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsibilde:** Løva på veg inn i kyrkja.

Foto: Vegar Valde



**Bjørn Tore Sæle**

Sokneprest - 450 35 084

bs694@kyrkja.no



**Anne Sofie Nergård Uthaug**

Dagleg leiar - 404 62 647

au887@kyrkja.no



**Ruben Sæle**

Diakon med ungdomsfokus

400 01 691 - rs433@kyrkja.no



**Håkon Økland Kinsarvik**

Spesialprest - 976 44 169

hk482@kirken.no



**Anne Marit Fosse Dahle**

Kyrkjelydspedagog - 400 01 691

ad423@kyrkja.no



**Trond Fykse**

Kyrkjelydsmusikar - 400 01 691

tf788@kyrkja.no



**Junji Furukawa**

Kyrkjeterar - 467 97 567

junjif@sky.plala.or.JP



**Linda Gripsgård Lunga**

Konsulent - 400 01 691

ll362@kyrkja.no



**Regine Sagstad Berg**

Soknerådsleiar - 993 24 460

reginesagstad@gmail.com

# Tankestrek

## Løys klimakrisa på 40 dagar

Tekst: Ruben Sæle

I skrivande stund er det snart fastelavn, og ungane gler seg til karneval i barnehagen. Når du les dette er vi godt over halvvegs i fastetida, som varer frå askeonsdag (onsdag etter fastelavn) til og med påskeaftan. Mange tenkjer nok på fasten som noko for spesielt ihuga religiøse, men eg tenkjer at det kan vere ein av dei mest relevante kristne praksisane for vår tid – også for menneske som ikkje reknar seg som den indre krets av kyrkja. Fasten kan nemleg vere ein del av svaret på den største utfordringa i vår tid: klimakrisa. Eg skal forklare: Faste handlar om å sei nei til eit gode for ei tid. Ofte har dette godet vore mat, men mange faster også frå andre ting. Stadig fleire fastar frå sosiale medier til dømes. Andre fastar frå alkohol, smågodt eller Netflix. I katolsk praksis har det vore svært vanleg å faste frå kjøt. Stader der katolisismen står sterkt feirer mange karneval, som betyr «farvel til kjøtet». Karnevalet er siste festen før nokre veker utan kjøt.

Dette liknar då svært på eit anna, noko utskjelt fenomen: nyttårsforsetta. Kor mange har ikkje lova seg sjølv å ete mindre kjøt, drikke mindre, begynne å trenere eller kva det skal vere, på nyttårsaftan? Men så dabbar det av, og når vi kjem uti februar sprekk det. Eg trur fastetida er meir overkomeleg. Det er 40 dagar, ja, men ikkje i strekk. Søndag er dagen Jesus stod opp att og då fastar vi ikkje, vi feirar! Gjerne med egg og bacon til frukost, og biff til middag med dessert etterpå. For meg høyrer det også med å gå til gudsteneste. På søndagane merker vi også at det faktisk er eit gode vi fastar frå, og vi kan verkeleg nyte det med godt samvit!

I fasten får vi øva opp disiplinen vår, evnen til å sei nei takk, og evnen til å glede seg over det ein har. Fasten kan hjelpe oss å bli fornøgd med det livet vi har fordi vi set meir pris på dei godene vi avstår frå for ei tid. Og det er her løysinga på klimaproblema våre ligg: den som er fornøgd treng ikkje meir. Treng ikkje ein bil til, treng ikkje reise til jorda rundt, treng ikkje ete kjøt kvar dag, treng ikkje ny av ditt og ny av datt. Men hugs, fasten viser oss også at det ikkje er galt å med noko av dette, vi fastar jo frå eit gode som vi kan nyte. Og, som vi veit, for mykje av det gode blir ikkje godt. Derfor må vi nokre gonger avstå frå nokre av dei. Det øver vi på i fastetida. For vår eigen del, for nesten sin del og for kloden sin del. Det er fornøgde menneske som kjem til å redde kloden vår!



Følg oss på Facebook:  
@melandkyrkja



# Jenta som spring

Tekst: Anette Torjusen/Ruben Sæle

Foto: Håvard Bjelland

Manglar dei vatn på garden, er det ti år gamle Kila som ordnar opp. Om ho ikkje er ute og spring.

Ho pilar over det grøne graset. Lett i steget, barbeint og i eit flagrande skjørt. Med verdas største smil.

– Eg elskar å springe. Eg kan springe heile tida. Det gjer meg så lukkeleg.

Men ho spring ikkje berre fordi det er morosamt.

## FLEIRE LITER VATN

10 år gamle Kila Hirpo bur i ein frodig del av landsbyen Beseko, cirka fem timer sør for hovudstaden. Midt på ei grøn slette ligg huset hennar omringa av ein maisåker, avokadotre, falske banantre og eukalyptustre.

Huset er bygd av leire, høy og trepinnar, og rommar ei stove og eit soverom. Det delar ho med besteforeldre, mor, to brør og ei syster.

– Eg elskar dyra våre. Kyrne som gir oss mjølk, oksane som hjelper oss i åkeren og eselet som hjelper oss med å bere.

Kvar dag hentar ho vatn både i elva og ved vass-stasjonen. Den er ein av 14 som landsbyen fekk av Kirkens Nødhjelp i fjor. Då vart det bora ein 120 meter djup brønn, og det vart lagt 16 kilometer med røyr inn til landsbyen.

– Det er tungt å bere, særleg i regntida når det er så glatt å gå, forklarar ho og visar oss jerrykanna ho ber kvar dag.

Landsbyen fekk vatn i september i 2018, men før det flykta folk frå landsbyen mellom anna grunna sjukdommar dei

fekk av vatnet. Takka vere reint vatn held Kila seg frisk, har vatn til matlagning, til kaffi og til dyra. Med vatnet ho hentar i elva, som tidlegare var einaste vasskjelde, vaskar ho no klede og hus.

## TOPPKARAKTERAR I ALLE FAG

Kila går i fjerde klasse, og ho er så glad i å gå på skulen at ho vil bli lærar. Det er nemleg ei smart ung dame vi har med å gjere. Ho får toppkarakter i alle fag.

– Skulen er viktig for at vi skal utvikle oss og få ei utdanning. Eg vil studere på universitetet, forklarar ho.

Når ho blir stor, vil Kila bu i ein frodig storby, kor ho skal lære bort matte.

– Eg vil at alle skal bli like glade i matte som meg, smilar ho.

## AVHENGIG AV HJELP FOR Å HJELPE

For at Kila og andre skal få reint vatn trengst det hjelp frå mange norske frivillige. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Etiopia. For Kila og tusenar av andre mennesker har dette vore livsviktig hjelp.

**For å hindra spreiling av COVID-19, vil det ikkje koma nokon med bøsse på døra i år. Dette tyder at pengane til fasteaksjonen i år i vert samla via Vipps 2426, via SMS 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale media, særleg Facebook.**

# Glimt frå konfirmantleir

Tekst: Vibeke Bjørndal Midttun  
Foto: Regine Sagstad Berg



24.-26. januar reiste rundt 60 konfirmantar og leiarar på leir til Fjell-ly på Sotra. Det vart fine dagar med mykje leik og moro, undervisning om dei fire B-ane, gudstenestesporløp og samlingar med bøn, song og nattverd - for å nemme noko. Ei kjekk helg med glade og energiske konfirmantar!



# Frå kyrkjebenken

Tekst: Bertine Wiig Sulebakk

Foto: Privat

– Kva kyrkje tilhører du?

– Meland kyrkje

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har vakse opp i Meland kyrkje og gått på søndags-skule der, men sidan 2016 har eg vore aktiv i eit gud-stenesteteam. Dette har vore utruleg kjekt! Eg har også deltatt i ungdomsarbeid både som deltagar og styremedlem for SKrUL gjennom heile ungdomstida mi.

– Kva set du mest pris på med kyrkjelyden?

– Det eg set mest pris på med kyrkja er samhaldet og det at vi er flinke til å inkludere både store og små. At det er plass til alle og vi tar vare på kvarandre.

– Korleis vil du skildre kyrkja?

– Ein aktiv, engasjert og heimekoseleg kyrkjelyd med eit felles mål om å nå ut til alle aldre.

– Kva salme syng du for tida?

– Shine your light.

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Ein god kopp kaffi, eit kakestykke og ein fin samtale med nokon.



**FAKTA**

Namn: Bertine Wiig Sulebakk  
Alder: 22 år  
Bustad: Frekhaug  
Sivil status: Singel  
Yrke: Lærarvikar



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR

Mjåtvitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektr.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?



22 40 00 40



Kari i hyggeleg drøs med Ingun Moldekleiv og Jostein Dale i kaffikroken på Gjenbruksbutikken

# MED FRIVILLIGHET SOM DEL AV SITT DNA

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

Det er i misjon, kyrkjelydsarbeid og KrF Kari har hatt sitt engasjement.

*Kva har motivert deg i det du har engasjert deg i gjennom livet?*

Engasjementet mitt starta med misjon, seier ho. Barneforeininga på Seim, der ho var med, støtta ein misjonær frå bygda, det var det spennande å vera med på. Ho fekk kunnskap og kjennskap til misjon tidleg, vaksne gav respons og tillit og dette forma henne og gav næring til engasjementet. Det gav eit vidare perspektiv, det sosiale og diakonale apelerte til henne, dei hadde bruk for henne.

Far hennar og bestefaren var politisk engasjerte, det var naturleg for henne å bli med, ho hadde referanse til det i heile oppveksten. Det har betydd mykje for Kari å få vera med å forma eit lokalsamfunn. Også i politikken møtte ho mange nye menneske, frå heile landet, og lærte mykje. Ho får lett eigarskap til det ho engasjerer seg i, seier ho, og vil gjerne vera med og gje dette engasjementet vidare.

Ho trur ho har same motivasjon no, som pensjonist, som ho har hatt også tidlegare. Også sakene ho engasjerer seg i, er dei same, men ho har ikkje vore, og vil ikkje vera, aktiv politikar etter at dei flytta til Seim og hennar barndomsheim for nokre år sidan. Kapasiteten er ikkje det den har vore, og

ho må prioritera. Då er det familie, misjon og kyrkja som kjem først.

Kari likar framdrift, og ho likar å arbeida i team og å leia team. Å bruka dei kreftene me har, at alle får seia meiningsi og teamet får fram sluttresultatet. Dette trivst ho med. Kari er glad for utfordringane ho har fått. Ho har fått brynt seg på mykje, det har vore gjevande og utviklende. Ho er takksam for perspektiva det har gitt.

*Du har budd på bygda mest heile livet. Er det kvalitetar der som du vil framheva?*

Å bu på bygda betyr å kjenna naboane, utan å trakka ned dørene til kvarandre. Det er trygt at dei er der. Å kjenna borna sine vene og familiene deira, å kunna hjelpe einannan. Faren er å ikkje inkludera nye. Politisk kunne det stundom vera vanskeleg, ikkje alle var einige i vedtak som vart gjort. Det var viktig for henne at dei flytta til Seim medan dei same folka bur i husa! Som naboar høyrer me i lag, seier ho.

*Kva er viktig no?*

Familien er sjølv sagt viktig, og ho nemner særskilt barneborna. Å møta eit smilande barneandlet – ikkje mykje kan måla seg med det. Det Norske Misjonsselskap sin gjen-

ruksbutikk i Knarvik, der ho er styreleiar, har også stor plass hjå henne. Ho vil vera ein aktiv kyrkjegjengjar, møta opp og støtta dei som i dag har hovudansvaret, heia på dei som gjer gode ting. Gudstenesta er hennar åndelege heim, liturgien, bønene og salmane. Ho trivst med å ha det som ho har det i dag.

Kari tenkjer mykje på det store kristne fellesskapet, både lokalt og globalt. Jesus ber til Gud for oss (Johs. 17) at me alle må vera eitt, 'så verda skal tru at du har sendt meg'. Ho ønskjer at dette må få prega samtalar og debattar kristne imellom. Me er alle eitt, der me er på vegen.

Ho uttrykkjer særleg takksemd for alle som vil gjera gode ting for born og unge. Dei må få vita kven Jesus er! Det viktigaste me som kristne kan gjera, er å formidla tru til nye generasjonar. På Seim er der på bedehuset søndagsskule på mandag, Gneisten og UPS (Ungdom på Seim). Det er så bra!

Eg er glad for å ha ei trygg tru som utfordrar meg til ikkje å vera meg sjølv nok, seier Kari. Ho er takksam for å kjenna driven til at folk må få del i den kristne trua. Me må ikkje missa frimotet til å formidla det me trur på, avluttar ho.



### KARI SKÅR SØRHEIM

71 år, bur på Seim, gift med Knud Fredrik, dei har tre born og ti barneborn.

Kari Skår Sørheim har vore fylkessekretær i Hordaland KrF i 14 år, leiar i Bjørgvin bispedømeråd i åtte år, leiar i Det Norske Misjonsselskap sitt landsstyre i seks år og KrF-politikar i Masfjorden i 27 år. Ein periode var ho varaordførar og ho var vara til Stortinget i to periodar og møtte ein del.

Alle kjenner Kari. Her er det Solveig Rydland, på besøk frå Valdres, som helsar på.



# Jeg tror på langfredags Gud

Jeg tror på langfredags Gud,  
du som har gjemt deg i gåter.

Jeg tror på lidelsens Gud,  
som gråter med oss når vi gråter.

Jeg tror på påskennatts Gud,  
du som har svøpt deg i mørket.

Jeg tror på taushetens Gud,  
som finnes i netter og tørke.

Jeg tror på påskedags Gud,  
du som har reist deg med seier.

Jeg tror på skapelsens Gud  
ditt liv er det livet jeg eier.

Jeg tror på hverdagens Gud,  
som går der jeg går alle dager.

Jeg tror på den evige Gud  
og fjellet av nåde som rager.

Ja, jeg tror på den evige Gud  
og fjellet av nåde som rager.

**FRA GÅTEN OM KORSET**

**TEKST:** Jostein Ørum

**MUSIKK:** Garness

Vi likar så godt denne teksten, fordi den minner oss om at når vi lid og har det vondt, veit vi at Jesus har kjent det same på sin eigen kropp. Han har lova at han går saman med oss, kvar einaste dag, god eller tung, ”så lenge verda står”.

Om du vil høyra teksten med melodi, er denne og alle dei andre songane fra ”Gåten om korset” no tilgjengeleg som CD og på alle strømmetjenester.

Riktig god og velsigna påske!

**GARNESS**



## Kunstrunden Nordhordland 2020


Laurdag 4. april og sundag 5.april kl.11.00 - 16.00 går Kunstrunden Nordhordland 2020 av stabelen. 21 galleri, atelier, verkstader og serveringsstader heldt opne dører og viser kunst og kunsthandtverk desse dagane.

Her er det mogeleg å leggja opp turen slik ein sjølv vil. Ein kan gå innom små keramikkverkstader, som Atelier Liv Sundal i Knarvik. Det er ho som har laga keramikken som prydar altaret i Knarvik kyrkje. Fleire galleri byr på kunst i tradisjonsrike gamle hus. Galleri Rustica på Holmeknappen, som er ei ombygd løe, er eitt av dei. På Frekhaug kan ein vitja Johannes Fosse si smie og få innblikk i gamalt handtverk.

Fleire serveringsstader deltek på kunstrunden og har kunstutstillingar. Der vert det også mogeleg å kjøpa lunsj eller middag. Lyngheisenteret er alltid verdt eit besøk, og Solhomen i Alversund er ei perle som også gjev deg ein liten båttur. Der blir det blant anna ikonutstilling.

Det vert opne dører mange stader i Alver, Masfjorden og Austrheim, og ein fin anledning til å dra på oppdagingsferd for både fastbuande og feriegjestar.

Informasjon finn ein på Facebooksida Kunstrunden Alver. Ei brosjyre med oversikt kjem til å liggja på biblioteka, på bensinstasjonar og på kvar utstillingsstad, pluss plakatar.



# Kva gjer du når påska er grøn?

## UT PÅ TUR, ALDRI SUR!

Børge Brundtland, styreleiar i Nordhordland turlag, føreslår to ulike turar.

### HØGFJELLSTUR TIL HAVS

Eldsfjellet i Meland gjev eit storslagent utsyn i alle retningar. Turen byrjar frå Skjelangervegen ca 1,7 km etter vegen til Skurtveit, ca 150 meter nord for motorcrossbana.

Det er noko stigning i starten, men ein relativt lett og greit tur. Eldsfjellet er 324 m.o.h. Frå Eldsfjellet kan ein også gå nord til Veten på 290 m.o.h. Turen opp til Eldsfjellet tar ca 45 – 60 min, ytterlegare 30 min vidare til Veten kor utsikta er endå betre utover mot kysten. Alle kjem seg på Eldsfjellet, deretter kan du velje om du vil gå vidare. Dette er den perfekte «høgfjellsturen» i vakkert vårvær!

### HUSDALEN

Du har sett dei mange gongar, dei kvite husa som ligg opp i fjellsida når du kjem ut av Bjørsviktunellen mot nord. Sving



av til Molvik og køyr ned til elva, på venstre sida, går vegen oppover til Husdalen. Flott turveg med mykje flotte murar. Opper er det nydeleg utsikt ut Osterfjorden. Denne turen passar for alle. Dei som vil gå lengre, kan ta forbi husa på høgre sida og fylgle skogsveg vidare oppover til Husdalsfjellet. Stien oppover gjev fantastisk utsikt i mange retningar. Husdalsfjellet er 623 m.o.h.

Dette er to flotte turar som alle klarer, og de kan sjølve avgjere kor langt de vil gå.

### GOD TUR!

# Leik med egg

Hardkokte egg er alt som skal til for at familien får eit kjekt tidsfordriv, pluss ein populær premie, då!

Kok eggia 10 minutt og avkjøl. Frå Rogaland kan ein importere skikken med å koke egg ute, på stranda, i skogen eller på fjellet. Kok på bål eller stormkjøkken.

Fargelegg gjerne eggia under kokking <https://www.klikk.no/foreldre/barn/sett-farge-pa-paskefrokosten-2353950> eller born og vaksne fargelegg og merkar kvar sine egg etterpå.

Startstreken må merkast godt. Alle trillar sine egg utfør, og den sitt egg som trillar lengst, har vunne første omgongen. Det kan vere lurt med ein dommar ved sluttstrekken. Resultata må noterast, nr ein, to, tre, osv.

Dette kan gjentakast tre, eller fem eller sju gongar, best score når ein set sluttstrek, har vunne.

Eggia smakar ekstra godt rett etter trillinga, gjerne i kombinasjon med pølser på bål eller noko anna god turmat.



# KRYSSORD



	Nr.1 i år 2020	ferje- Sognabygd	sjø- mus- ling	seks	tre like		løfte opp bilen	kjekk	
	→					nab. maur- huset	↙		
	kine- saren								
	mø- bel, omv.			veksa mo- derne					
	TV- andlet	frø	vok- <u>alen</u> joule			strå ----- nagl			selsk. utrop
	↙					←		fly- <u>selsk.</u> elv	
son			salme- uttrykk tumor			tukt	asyn- kron		
tygg			rett	sam- tidig	↗		↘		----- regn, <u>til v.</u> like
by i nord		<u>m.n.</u>	↗			tann- <u>ov.flate</u> trist			
fjernt mål				mis- <u>tak</u> plage		hekto			femti ----- drikka
ytring i deb- atten						liter		ein Mar- gido	
part						alu- min- ium		plag- get	
opp- drett		<u>femti</u>	↑			h.retn. elv, frå v.		tysk parti	
radius		→		mot bot- nen		WC		↗	

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 24. april til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter.



**Vatne Begravelsesbyrå**

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
 Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

GRAVFERDSSGRUPPEN

## Nordhordland GRAVFERD Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
 eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

*Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1  
 5911 Alversund

FREKHAUG:  
 Havnevegen 31,  
 5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:  
 Tlf. 56 99 25 70

*Me går saman med deg hele vegen*

# Kulturkalender

På grunn av situasjonen med korona-virus er alle arrangement avlyst inntil vidare. På nettsida til kyrkja vil ein finne kva arrangement som vil finne stad: [kyrkja.no/alver](http://kyrkja.no/alver)

28. mars - laurdag AVLYST

## KONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

På konserten synger koret Sta. Sunniva Kammerkor Maurice Duruflés Requiem. Sta. Sunniva Kammerkor består av 32 songarar i alderen 18-30 år. Dirigentar og organistar er Eivind Berg og Asbjørn Snilstveit.

30. mars - måndag AVLYST

## KONSERT M/ ANITA SKORGAN

Knarvik kyrkje kl. 19.00

1.april - onsdag AVLYST

## PÅSKEFEST

Ostereidet kyrkje kl 18.00

Ostereidet Soul Children, Lindås Soul Children og Te Deum inviterer til PÅSKEFEST

Me syng påskesongar i lag, kora syng og deler tekstar om påska. Det vert enkel servering etter samlinga.

Velkomne!

3. april - fredag AVLYST

## PÅSKEKONSERT

M/ LEIF JONE OG LARS BERNHARDT ØLBERG

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Far og son, Lars Bernhardt og Leif Jone Ølberg er på konsertturné. Leif Jone Ølberg er ein kjend operasongar i Danmark. Lars Bernhardt Ølberg er organist og prest og er òg pianistutdanna. På programmet står noko frå Händels Messias, negrospiritualar og andre kjende songar.

22. april og 3. juni

## VARMARE KYRKJEKAFFI - KURS

Meir info vil kome på [www.kyrkja.no/meland](http://www.kyrkja.no/meland).

5. mai - tysdag

## KORKAFÈ MED FELIX VOCALIS

Nordgardsløa kl. 20.00

Det blir song v/ koret, ord for kvelden, kaker og utlodning. Velkommen til ein sosial og triveleg kveld på Løa.

24. mai

## FREDSKONSERT

OsterKlang arrangerer Fredskonsert i Storstova på Leknes søndag 24. mai om ettermiddagen. Konserten vert nærmere kunngjort i lokalaviser og på nettstader.

1. juni - 2.pinsedag

## SPORTSANDAKT

Vi går frå vannverket kl. 11.00. Kort samling på Totlandsfjellet. Vi endar opp på Bjørge

ca kl 12.30. Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov deltek med song og musikk, sokneprest Torbjørn Aamli har sportsandakt.





Antje Michelau-Meyn  
er trusopplærar i  
Mo sokn. Ho er 49  
år, glad i å gå tur,  
strikka, lesa og syngja  
i kor.

Antje kjem frå Tyskland,  
og denne oppskrifta står  
i bestemora si kokebok,  
tatt med på flukt under  
krigen.

## OPPSKRIFT

# KAISERSCHMARRN

NESTEN SOM PANNEKAKER, BERRE MYKJE BETRE

**Ingrediensar:**  
(til 4 små porsjonar)

50 g smør  
4-6 egg  
30 g sukker  
125 g kveitemjøl  
Ca 2,5 dl mjølk

### Framgangsmåte:

Del smøret i mindre bitar.  
Rør smør og sukker saman  
med handmixar og ha i  
eggeplommene. Ha i mjøl og  
mjølk. Pisk eggekvitane stive  
og rør dei forsiktig inn i deigen.  
Hell røra i steikjepanna og steik  
på middels varme på begge  
sider. Del i passe bitar. Server  
med eplemos og melis.



Per Byrknes

En pappfigur av Judas sprenges i fillebiter. Det skjer igjen og igjen, hvert år - i byen Arequipa i Peru hvor jeg har bodd. Den største synderen av dem alle, Judas, han som kysset Jesus som et tegn til soldatene om at dette var mannen de skulle pågripe, smadres av fyrverkeri og knallskudd. Ser ikke bort fra at noen vil merke Instagrambildet med #denfølesen. Deilig å ha noen å skynde på.

En ganske bisarr tradisjon egentlig. Nå ved den stør-

## ANDAKT

# Pappbitene fyker

ste festdagen i kirkeåret blir gleden vi så gjerne skulle ha sett over Jesu oppstandelse omgjort til sinne på Judas som valgte å forråde han.

Men er det ikke litt typisk for mange av oss, at vi må finne en syndebukk, en vi kan skynde på? Vanligvis er det jo noen andre sin skyld. Det er nesten så jeg får godfølelsen bare ved tanken på at det ikke var min skyld, - denne gangen heller. Sannheten er allikevel at vi har litt skyld alle sammen. «For alle har synet» (Rom.3,23a) står det i Bibelen. Det er i grunnen derfor vi trenger påskens budskap.

Det var ikke tilfeldig at Jesus måtte dø på et kors. Det var Guds ultimate kjærlighetserklæring til deg og meg. Jesus tok skylda, - med Guds viten og vilje. Dette er ikke lett å forstå og vanskelig å tro.

Jesus kom i ditt sted og ble behandlet som om han var deg,

for at du skulle få komme i hans sted og bli behandlet som om du var han.

“Det er fullbrakt!” sa Jesus da han døde (Joh. 19,30). Da hadde han gjort jobben Gud, via en jomfru, hadde sendt han til jorden for å gjøre. De som kommer til


meg og sier at de ikke får til å være en kristen må jeg minne om nettopp dette. Hva er det du eller jeg skal få til da? Det er ikke noe mer å få til når Jesus har gjort alt. Da trenger vi kun å tro det.

Tre dager senere sto han opp igjen fra graven. Det er et historisk faktum at Jesus har levd. Oppstandelsen er tro, men det er få hendelser som er bedre dokumentert enn oppstandelsen.

Han er oppstått igjen – for meg – for deg!

Han lever, han lever, han lever!

God påske!



## HipHop

Tekst: Vibeke Bjørndal Midttun  
Foto: Vibeke B. Midttun, Arve Kjell Uthaug og Anne Sofie N. Uthaug.

Både hausten 2019 og denne våren har Siren Godø og Karianne Fosse Rødland hatt HipHop-kurs for born i forskjellige aldrar på Møteplassen på Frekhaug. Her er to grupper i aksjon på Lys Vaken-gudstenesta i haust.



På HipHop-kursa har ein arbeidd med å rekruttere nye danselærarar. Her er Siren i samtale med to unge på opplæring.

# Ny i Meland kommune?

Du er hjartelag velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

## Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

**Felix Vocalis.** Kor for voksne. Øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

**Husgrupper.** Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

**Norskkurs for innvandrarrar.** Gratis norskkurs, små grupper. Kvar måndag kl. 19.00 - 20.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

**Internasjonal kafe.** Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar

måndag kl. 20.30 - 21.30 på Møteplassen. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

**KRIK Meland.** Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (sjå Facebook for datoar). To grupper: Kom-pizKRIK: 5.-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

**Levande Lys.** Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag (partalsveker) kl. 17.30 - 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

**Onsdagsklubben.** Leik og moro, bibelforteljing og song, bål og bollar for barn og foreldre. Annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30 - 18.30 i Drømmedalen (mellan Mjåteitstø og Mjåteitmarka). Kontakt: Sandra Bruvik, 45 25 16 09.

**Open Møteplass.** Open treffstad/kafé for dei som er hei-me på dætid. Kvar måndag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. Kontakt: Åshild B. Furukawa, 916 18 719.

**Seniors.** Treffpunkt kvar første torsdag i mnd kl. 1130 - 1430 med program og middag på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.

**Tenklubben,** ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 20.00-22.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle 56 17 14 88.

**Småbarnstreff med babysang.** Kvar tysdag kl. 11.00 - 13.00 på Møteplassen. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

**Strilongane.** Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 - 18.30 i Ungdomshuset på Rossland. Kontakt: Sandra Bruvik, 45 25 16 09.

**Søndagsskuleklubben.** Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: Annlaug Isdal, 994 70 309.

**Søndagsskulen Løvegen- gen** kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. Kontakt: Håkon Økland Kinsarvik, 97 64 41 69.

**Yngres Frekhaug.** Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag (oddetalsveker) kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Kari Erikstein, 95 43 58 57.

**Yngres Rossland.** Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 - 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

MEIR INFO:  
WWW.MELANDKYRKJA.NO

# Kort og nytt

## KYRKJESTOVA OG BRAKKER

Kyrkjestova, som er huset som ligg oppe i bakken over Meland kyrkje, fekk nye vindauge og ytterdør i 2019, grunna råteskadar. Året før fekk huset nytt tak. Kyrkjestova var Meland kommune sitt første kommunehus, det vart bygd i 19.??, og har også fungert som framhaldskule og bibliotek i periodar. Etter at kyrkja overtok all bruk av kyrkjestova, har det vore brukt som møtelokale, og lokale for den tidlegare Meland KFUK/M-speidargruppa. No for tida er søndagsskulen Løvegjengen einaste brukar av kyrkjestova (for dei store barna).

Vi har lenge hatt store plassproblem i tilbygget til kyrkja. Gruppa for dei minste søndagsskuleborna og filmframstilling for barn har vokse ut av «Løvehola». Difor er det no sett opp eit mellombels brakkebygg ved kyrkja. Den skal gjerast klar for bruk i vår. Då kan «Løvehola» igjen bli til dåpsakristi. Vi har bruk for eit skikkeleg mottaksrom til dei mange dåpsfølgjene i Meland kyrkje.



NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
**naturstein**

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

# Slekters gang

## Døpte

### Meland kyrkje

20.10.2019

Lukas Hjertås Tangen

### Vadsø kyrkje

27.10.2019

Mika Bye Skurtveit

### Meland kyrkje

3.11.2019

Aurora Jacobsen

Leon Jørgensen Nesbakk

Erle Aadland Wold

### Knarvik kyrkje

17.11.2019

Marius Osland Lilleberg

### Meland kyrkje

17.11.2019

Ole Skjelanger Rossland

24.11.2019

Else Dorthea Kvamme

Vilma Bertheussen Bratshaug

8.12.2019

Emma Nicolaou Bratland

Elenor Fuglesteg Kvammen

Karsten Lie

## Knarvik kyrkje

5.01.2020

Tobias Fernando Solberg

## Meland kyrkje

12.01.2020

Meline Jørgensen Skjelvik

## Lygra kyrkje

12.01.2020

Vilde Feste Bruknapp

## Meland kyrkje

19.01.2020

Emma Oline Husebø Nordland

Wilma Vassdal Kubon

Jakob Bruvik-Eide

Thale Sagstad

Mathilde Fagerland-Tufte

2.02.2019

Matheo Hjertås Hauge

9.02.2019

Elena Hegdal

## Gravlagde

### Meland kyrkje

18.10.2019 Siw-Anita Thomassen (f. 1967)

14.11.2019 Martha Dorthea Berg (f. 1936)

19.11.2019 Perly Jorunn Ask (f.1950)

19.11.2019 Jens Husebø (f. 1928)

29.11.2019 Inge Åsebø (f. 1948)

3.12.2019 Magnhild Askeland (f. 1922)

5.12.2019 Åge Kristian Hylleseth (f. 1930)

20.12.2019 Anna Judith Rossland (f. 1933)

27.12.2019 Thore Johan Thorstensen (f.1933)

10.01.2020 Inge Jakob Larsen (f.1947)

17.01.2020 Hermann Johnsen (f. 1933)

24.01.2020 Kristina Bergitte Eikeland (f. 1923)

7.02.2020 Rafi Karkour Sarkisian (f. 1968)

11.02.2020 Johny Hellesø (f.1938)

14.02.2020 Johan Olav Olsen (f.1934)

Gravstein i alle utførelser fra enkle og grove til hjelpeleter.

Tilbehør til gravstedet

Tilførsler av navn

Oppussing vask, stell

Rehabellering reperasjon

[www.eikner.no](http://www.eikner.no)

 **STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant  
**Rune Hjemmås**  
Kyrkjessundsvegen 81, Holsnøy  
Mob 91163120



Vi tilbyr uteleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.

Sjå [www.glode.no](http://www.glode.no) eller ta kontakt på 56 17 58 00

 **Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngevegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647

## ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
[www.cateringen.com](http://www.cateringen.com) • tlf. 56 17 43 23



Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:  
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

**REMA 1000**

FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

## Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad

[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)



**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføylelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**KIWI mini pris**

for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lørd. 9.00 - 20.00



Meland

# GUDSTENESTE-KALENDER

**29.mars**  
Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd  
Fasteaksjon v/konfirmanter  
Hip-hop  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**5.april**  
Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
«Søndagsåpent», dåp og nattverd  
Film for borna  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**9.april Skjærtorsdag**  
Kl.20.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Offer HimalPartner

**10.april Langfredag**  
Kl.20.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**12.april 1.påskedag**  
Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Film for borna  
Offer til Det Norske Misjons-selskap

**19.april**  
Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Barnas påskesprell  
Offer til Søndagsskulen, Bergen krets

**19.april kveldsgudsteneste**  
Kl.19.30 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**26.april jazzmesse**  
Kl.19.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd  
Offer til Sjømannskirken

**3.mai**  
Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Prostevistas Helge Taranrød  
Dåp og nattverd  
Løvegjengen  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**10.mai**  
Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Løvegjengen  
Offer til Det Norske Misjons-selskap

**10.mai kveldsgudsteneste**  
Kl.19.30 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**17.mai**  
Kl.11.45 v/Bjørn Tore Sæle  
Offer til Menneskeverd

**21.mai Kristi Himmelfarts-dag**  
Friluftsgudsteneste på Håøy-toppen  
Kl.12.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Leknes blåseorkester

**24.mai internasjonal kveldsgudsteneste**  
Kl.19.30 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd

**31.mai**  
Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Løvegjengen  
Offer til Det Norske Misjons-selskap

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

## Ny bøneskål

Tekst og foto: Anne Sofie Nergård Uthaug

Dette er den nye bøneskåla i kyrkja, dreidd av Harald Glomnes som ei gavé til kyrkja. Frå før har vi ei liknande, dreidd av Truls Corneliusen. Ei skål står i våpenhuset og ei i kyrkjerommet. Der kan du leggje ein lapp med noko du ønsker det vert bede for i kyrkja.

Bibelen seier: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» (Fil 4.6) Bøneskåla kan vere ein måte å gjere det på!